

ORDENSREGLAR FOR SANDØY UNGDOMSBUSTADER

1. GENERELT

Det er ein viktig føresetnad for trivsel i eit hus at alle som bur i huset gjer sitt til at det herskar ro og orden der til einkvar tid.

Leigetakaren pliktar å følgje det som er fastsett i ordensreglane, og er også ansvarleg for at ordensreglane blir følgd av husstanden og andre som vert gjeve tilgang til husværa. Ordensreglane skal sikre leigebuarane orden, ro og hygge i heimane. Gjentatte brot på ordensreglane kan føre til oppseiing av leigetilhøvet.

2. YTRE ORDEN

- Plenar og plantingar må vernast
- Flaggstenger, skilt, antenneanlegg og liknande må ikkje settast opp utan samtykke frå styret
- Utleigar monterer klesnorer
- Utleigar set opp bosstativ.

3. INDRE ORDEN

- Det skal til vanleg herske ro i husværa alle dagar frå kl.23.00 til kl.07.00. Radio, TV, stereoanlegg og liknande må dempast så ikkje dei andre bebuarar vert forstyrta.
- Elles gjeld dei generelle reglane i Heilagdagsfredlova av 24. januar 1995 nr. 12. Dette betyr at det t.d. ikkje er lov med støyande aktivitetar som t.d. plenklipping på søn- og heilagdagdar. Elles gjeld unntaka i lova her som elles.
- Gardinoppheng over karnapp skal utleigar montere
- Gardinoppheng over dei andre vindauga i bustadane blir montert av leigetakar
Dessutan er det her berre tillat med kirschstenger
- Det er ikkje tillat å spikre fast hyller i bodene
- Bilete skal hengast opp med biletkroker i V-fuge
- Eventuelle skruerhol/spikerhol skal ved utflytting reparerast av leigetakar
- Innvendig og utvendig måling er ikkje tillat utan etter samtykke frå utleigar

4. DYREHALD

Det er ikkje tillat å halde husdyr i bustadane. Dette grunna stor slitasje og omsyn som redusere tilgangen til bustadane til andre framtidige brukarar, som t.d. allergikarar.

Godkjenning av husdyrhald er avhengig av at husdyret ikkje er til sjenanse eller ulempe for andre leigetakarar, jfr. Husleigelova 5-2. Styret tek avgjerd etter skriftleg søknad.

5. PARKERING

Då det kan vere forskjellige trafikale forhold på dei forskjellige lokasjonane til ungdomsbustadane, viser ein til skilting lokalt på desse stadane m.o.t. gjesteparkering.

Parkeringsplassar for bebuarane på tomte skal avgrensast til ein plass pr. husstand. Parkering ut over dette skal ikkje vere mogleg.

Bebuarane skal gjere dei som besøker dei, merksame på denne bestemminga.

6. FELLESARBEID/DUGNADSPLIKT

Ansvar for plenklipping, naudsynt manuell snørydding, rydding og vedlikehald av uteområdet kviler på bebruarane.

7. BAD, WC OG LEIDNINGAR

Alle rom må haldast så pass oppvarma at vatnet ikkje frys i røyra. Huseigar har tilgang til husværa for å førebygge eller avgrense skader som måtte oppstå p.g.a. frost eller andre forhold. Klosett må brukast med omtanke slik at røyr ikkje vert tilstoppa.

8. TILLITSVALDSORDNINGA

Den tillitsvalde for bebruarane vert vald av og blant leigetakarane. Den tillitsvalde kan også vere bebruarane sin representant i styret for ungdomsbustadene. Oppnemninga gjeld for eitt år. Om bebruarane ikkje får vald tillitsvald vil representant til styret bli peika ut av styreleiaren, med heimel i vedtektene pkt. 7.

9. MELDINGAR/FØRESPURNAD

Meldingar frå styret ved rundskriv gjeld på same vis som ordensreglane som ein del av leigekontrakten. Klage til styret når det gjeld brot på ordensreglane skal vere skriftleg og sendast til leiaren for styret.

Styret kan endre ordensreglane. Styret kan vedta at slike endringar skal leggest fram for kommunestyret.

10. TVISTAR

Moglege tvistar i samband med ordensreglane eller forståinga av desse, vert avgjort med bindande verknad av styret.